

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Utval for drift, utvikling og kultur	26.08.2013	041/13	BEH

Avgjerd av: Saksansv.: Berit Hetland	Arkiv: K2-L32 Objekt:	Arkivsaknr 13/151
---	--	-----------------------------

ADRESSERING - ENDELEG VEDTAK PÅ VEGNAMN - KOMMUNALE OG PRIVATE VEGAR

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og matrikkelforskrifta med merknadar, Lov om stadnamn og tilhøyrande sentral forskrift, Adresseveilederen

Saka gjeld:

Namnsetjing av kommunale og private vegar i Vindafjord kommunen – endeleg vedtak.

Strekninga Isvik – Vikebygd – Bjoa – Ølensvåg

Strekninga Ølen – Sandeid

Strekninga Sandeid – Nedre Vats

Strekninga Sandeid sentrum – mot Vikedal

Strekninga Knapphus – Nedre Vats – Raunes

Strekninga Knapphus – mot Ølensvåg

Strekninga Vikedal – Imsland – grense til Suldal

Strekninga Knapphus – Skjold – Hodnafjell

Strekninga Ølensvåg – Ølen – grense til Etne

Strekninga Solheim – mot Skjoldastraumen

Saksopplysningar:

Utval drift, utvikling og kultur er kommunen sin adresseemynde og har ansvar for vedtak av namnsetjing av adresseparsellar etter heimel i lov.

Det har vore behandla 2 saker *Namnsetjing av kommunale og private vegar – forslag til høyringsutkast* i DUK-011 /13 og 019/13. Høyringsutkasta er blitt sendt Grendeutvala for uttale som er rådgjevande høyringsinstans. I tillegg har sakene vore kunngjort med annonse i Haugesunds Avis og Grannar, lagt ut på heimesida til kommunen og på facebook. Grannar bidrog og med sin tosiders reportasje å gjere kjent namneforlaga.

Ved val av adressenamn bør følgjande prinsipp liggje til grunn:

1. Namnet må passe inn i eit samordna system for adressering

Ved nytt namnevedtak, må ein sjå til at det ikkje er nytta som adressenamn i kommunen før. Unngå at same namnet blir brukt om meir enn ein adresseparsell i kommunen. Ein kan bruke andre etterledd (td Bergsvegen, Bergsbakken, Bergslia), men ein bør vere generelt varsam med å nytte to lydleg nærståande namn i adresseringa innan same kommune.

2. Namnet bør byggje på den lokale namnetradisjonen

Sentralt står tradisjonsprinsippet. Ein prøver å føre vidare lokale, tradisjonelle stadnamn og namnemønster, men det er heller ikkje unaturleg at i eit moderne samfunn som er utsett for mange kryssande påverknadar, at også vår tid blir representerte i adressenamna.

3. Namnet bør høve på staden

At namn bør høve på staden, vil sei at det bør uttrykke eit eller fleire særdrag ved adresseparsellen eller det tilgrensande området.

4. Namna bør vere varierte

Mangfaldet av ved adressenamn kan kome til uttrykk på fleire måtar. Variasjon av tradisjonelle stadnamn, bruken av sisteleddet, gruppenamn osv.

5. Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk

Sjølv om ein ikkje skal velje støytande eller komiske namn, skal ein ikkje unngå tradisjonelle namn. Dei er og ein del av den lokale kulturhistoria og vil vere i samsvar med både tradisjons- og variasjonsprinsippet.

6. Namnet bør vere lett å skrive og uttale

Ei kort samansetjing er betre enn ei lang, men dersom valet ligg mellom eit lengre tradisjonelt namn og eit kortare nylaga, bør ein likevel velje det første om det elles innfrir krava.

7. Ein bør unngå å nytte namn på nolevande personar i adressenamna. Namn på avlidne personar eller fantasipersonar bør nyttast berre når det er særlege grunnar for det.

Det vert ikkje tilrådd å nytte namn på nålevande personar i adressenamn. Ein står noko friare når det gjeld namn på avlidne personar, men generelt bør ein sjå om andre meir tradisjonelle stadnamn peikar seg ut før ein dreg inn personnamn.

8. Skrivemåten skal byggje på den lokale uttalen og elles følgje gjeldande reglar for skrivemåten av stadnamn.

Korleis stadnamn skal skrivast er viktig. Forskriftene til delingslova seier at "Gjeldane reglar for skrivemåte for stadnamn må følgjast" Eit sentralt punkt i reglane er at ein skal byggje på den nedervde lokale uttalen, likevel skal ein normalisere i ein viss grad.

Lovgrunnlag

Det er kommunen sjølv som vel namn som skal brukast til adresse med unnatak av adrestitleggsnamn etter matrikkelforskrifta § 54 første ledd og enkelte kretsnamn. Medan skrivemåten vert fastsett ut frå regelverket i lov om stadnamn. Formålet med lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

I lov om stadnamn, § 4, heiter det blant anna at dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåte av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk.

Med den nedervde lokale uttalen meiner ein den uttalen som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk. Dersom fleire uttaleformer er i bruk, skal ein som hovudregel ta utgangspunkt i den uttaleforma som har lengst tradisjon på staden.

Når same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten i dei andre funksjonane. To eller fleire skriftformer av same namn på same namneobjekt kan fastsetjast som sidestilte dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) Det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grenseområde
- b) To eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) Det er sterk lokal interesse for to eller fleire formene

Stadnamna skal som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving når det er tale om ord og namneledd som er normerte i moderne norsk.

Alle forslag til adressenamn for den enkelte parsell er sendt Stadnamntenesta (SNT) for uttale, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vurderar skrivemåte av namna og gir råd om skrivemåte. I samsvar med lov om stadnamn har Statens kartverk oppretta eit stadnamnsregister (SSR), der alle namn som er vedtekne etter lov om stadnamn, skal vere med.

Adresseparsell

Ein adresseparsell skal utgjere ein trase med start og sluttunkt på naturlege geografiske stadar, som vegkryss, rundkjøring, bruer eller andre naturlege punkt. I følge "Adresseveiledaren" skal det utarbeidast tenlege adresseparsellar som skal ha til hovudhensikt å gjere det enkelt for alle å finne fram. Rett inndeling i adresseparsellar er viktig for å få et godt og tenleg adressesystem.

Som ein kjenner til har det vore gjort ein del adresseringsarbeid i gamle Vindafjord og Ølen kommune som ein har måtta sjå på med nye auger sidan desse to kommunane har blitt slått saman. Dette har mellom anna bidrege til at ulike adresseparsellane har fått endra start og sluttunkt. Dette kan opplevast litt forvirrande når enkelte av vegane som den gong var namnsett, ikkje ber namnet sitt lenger.

Kartverket v/ Namneansvarleg Kartverket region vest, har fått namneforslaga tilsendt for uttale. Dei viser til at det er Stadnamntenesta som gir den faglege tilrådinga når det gjeld namnebruk og skrivemåte og har førebels ingen merknader, men etter det dei kan sjå ligg det føre eit godt adresseringsarbeid.

Vurdering:

Adresseparsellar

Det er kome merknader frå grendeutval og enkeltpersonar om endring av fastsette adresseparsellar og forslag til nye adresseparsellar. Fastsetjing av adresseparsellar er ei administrativ oppgåve i adresseringsarbeidet. Adresseparsellane er jobba fram ut i frå ein at eit godt adressesystem må vere logisk og lettfatteleg, noko som er av stor betydning for ei rask og effektiv distribusjon, og ikkje mindre vesentleg i uttrykkingsamanheng "når sekunda tel".

Prosjektgruppa har vurdert på ny alle innspela som er kome inn om både endring og oppretting av nye adresseparsellar. Med bakgrunn i grunngjevinga ovanfor og det som er skreve om adresseparsellar, vert innspel om endring av trasear på fastsette adresseparsellar ikkje imøtekome. Ein finn å kunne imøtekome forslag om oppretting av 3 nye adresseparsellar. Desse er:

Leirhammarvegen

Det er kome 1 innspel med ynskje om at vegen som går frå Vikevegen og vestover mot Leirhammar blir eigen adresseparsell og får namnet Leirhammarvegen. Ein har tidlegare knytt denne vegen til Vikevegen, men prosjektgruppa har vurdert vegnett på ny og kome fram til at denne strekinga blir eigen adresseparsell og får namnet Leirhammarvegen.

Bjørkelunden

Adresseparsellen frå Saudavegen (ved Røde Kors huset, Vikedal) til Kyrkjevegen er blitt vurdert på ny etter at det har vore jobba med reguleringsplan i området. Prosjektgruppa har

kome fram til at det er til det beste for adressesystemet at vegen blir ein eigen parsell og får namnet Bjørkelunden som Vikedal grendeutval har vist til i sitt innspel.

Ilsvågkaien

Det er kome 1 innspel med ynskje om at vegen frå Saudavegen til kaien i Ilsvåg blir eigen adresseparsell og får namnet "Kaivegen". Ein har tidlegare vurdert denne vegen knytt til Saudavegen, men prosjektgruppa har vurdert vegnettet på ny og kome fram til at denne strekninga blir eigen adresseparsell. Med bakgrunn i mange lokale "kaivegar" får adresseparsellen namnet Ilsvågkaien.

Innspel til vegnamn

Til saman er det 184 adresseparsellar som er gitt forslag til namn. Etter høyringsrundane er det kome 22 innspel med merknadar til 32 av dei føreslådde namna. Det har og kome innspel lenge etter høyringsfristar, men også desse innspela er tatt med i vurderingane som er gjort.

Prosjektlear har vore i møte med Stadnamntenesta i Bergen og gått gjennom vegnamn og alle innspel som er sendt inn.

Innad i kommunen har me ulik dialekt når det gjeld –å og –o endingar og i samråd med Stadnamntenesta har me difor valt å følge det gjeldane regelverk, å bruke former med a-ending konsekvent i heile kommunen.

Det vert peika på frå Stadnamntenesta at kjem det nye forslag til vegnamn bør dei leggast fram for Stadnamntenesta for uttale før endeleg vedtak vert fatta.

Det er kome merknadar til desse vegnamna:

Steinhausveg

Innspel frå Skjold bygdela om berre å ha Steinhaus som vegnamn. Stadnamntenesta tilrår å ha med vegen her.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Nadalsfjellveg

Innspel frå Skjold bygdela om berre å bruke *Nadalsfjell* eller *Nadalsveg*.

Innspel vert imøtekome. Nadalsfjellveg vert endra til Nadalsveg.

Plassaveg

Innspel frå Vikebygd bygdela om å endre namnet til *Gamle kyrkjeveg*.

Namnet "Kyrkjeveg" er føreslått i Vikedal og er allereie innarbeida etter namnevedtak i gamle Vindafjord. Frå namnsettinga i Ølen kommune finn ein namnet *Plassaveg* på same strekning. Ser det som uheldig å ha fleire "nesten" like namn jf punkt 1, prinsipp for adressenamn.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Toadalsveg

Stadnamntenesta peikar på at Toadalsveg ikkje er eit sjølvstendig val på denne vegen.

Vegen fører fram til Bjoaneset, så Bjoanesveg kan vere eit betre val. Bebruarar i området ynskjer at vegen blir namnsett Toadalsveg.

Innspelet frå stadnamntenesta vert ikkje imøtekome.

Grønevikveg

Det er kome 2 innspel om å bruke to n-ar i Grøneviksveg. Det vert vist til statsarkivaren og bygdeboka "Gardar og ættar på Bjoa" der familienamnet vert skriva Grønevik med to –n-ar. Stadnamntenesta viser til at skrivemåten til familienamn "lever sitt eige liv" og skal ikkje takast omsyn til ved namnsetjing av vegnamn. I Bygdeboka for Bjoa, stadnamn frå Innbjoa står Grønevik skriven med ein –n og det same i Stadnamnsregisteret.

Innspelet vert ikkje imøtekome.

Dalsbruket

Det er kome 2 innspel til denne vegen med ynskje om å endre vegnamnet til Dalavegen. Det vert vist til at AS Dalsbruket var namnet på ei verksemd som gjekk ut av saga i 1921 og bør difor ikkje vere opphav for lokale vegnamn og adresser. Det vert og vist til at Dalen er det eldste gardsnamnet i dalen, og at dei fleste gardsbruka på Dalsmyrane er skilde ut frå Dalen og ein stor del av vegen blei betalt av ein som bar namnet Dalen.

Dalen er ein av gardane i Bjoadalen. Dalsmyrane vart etter kvart delt opp i ulike teigar og sju bureisingsbruk blei etablert og kvart "bruk" fekk sine eigne namn. Sjølv om AS Dalsbruket var ei verksemd, skjedde det ei bureising på Dalsmyrane som gjer at ordet "bruk" er dekkande å ha med i valet av vegnamn. I bygdeboka "Gardar og ætter på Bjoa står det blant anna *"Det var i påskehelgi 1909 at eg for fyrste gong vitja Dalen og Dalsmyrane, som seinare fekk namnet Dalsbruket. Vidare kan ein lese: "for alle av oss bureisarane på Dalsbruket"*

"Dalsbruket" er eit kjent begrep både innafor og utanfor Vindafjord kommune. Me har Dalen i Vikedal, Dalavik i Skjold og Dalsbruket på Bjoa. "Når sekunda tel" er det av stor betydning at adressesystemet er logisk og lettfateleg.

Stadnamntenesta ser ikkje at "Dalavegen" er det rette valet på denne vegen. Dei rår til at ordet "vegen" vert knytt til Dalsbruket. Namnet på vegen vil då bli Dalsbrukvegen som er eit godt førsteval for vegnamn. Vidare seier Stadnamntenesta at "Dalsmyrvegen" kan vere eit godt andre val.

Innspel vert ikkje imøtekomen, men Stadnamntenesta vert støtta i si tilråding om Dalsbrukvegen. Dalsbruket vert endra til Dalsbrukvegen.

Haugevegen

Stadnamntenesta har kome med merknad til Haugevegen. Dei meiner Haugevegen er "upresis" jamført med det totalområdet som primærnamnet Hauge gjeld, men rår til at Haugevegen eventuelt vert skriven Haugsvegen jf. blant anna med Haugsgjerd og Haugssundet.

Haugssundet vert tatt til følgje, etter tilrådinga frå Stadnamntenesta.

Lundanesvegen

Det er kome 1 innspel på denne vegen med ynskje om å knytte vegnamnet til skulenamnet sidan den vidaregåande skulen er den sentrale verksemda i dette området. Det vert og vist til at det blir uheldig og forvirrande om vegnamnet og adressa til skulen blir ulik frå den skulen, internatelevar og personalbustadar er knytt til.

Stadnamntenesta rår til at vegen bør skrivast Lundanesvegen i tråd med primærnamnforma. Lundaneset er å finne i Stadnamnregisteret som primærnamnform. Lundaneset vgs er avleidd namneform – namn på ein privat skule.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Veldetunvegen

I følgje Vats bygdebok kjem namnet Velde/Vedle frå det gammelnorske Vollr med datidforma velli som tyder vold. Stadnamnregisteret viser til Velle. Med bakgrunn i dette rår Stadnamntenesta til at denne vegen vert skriven Velletunvegen i tråd med gjeldane rettskrivingsprinsipp.

Tilrådinga vert tatt til følgje. Veldetunvegen vert endra til Velletunvegen.

Eikjedalsvegen

Det er kome 2 innspel på at Eikesdal er det rette namnet og vegen må skrivast Eikesdalsvegen.

På denne vegen er det gjort skrivefeil. Innspel vert i møtekomme. Eikjedalsvegen vert endra til Eikesdalsvegen.

Oppsalsvegen

Det er kome innspel frå Vikedal grendeutval om at det skal vere ein -p i Oppsal. Gjeldande rettskrivingsprinsipp krev skrivemåten med to p-ar.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Sånnanålia

Innspel frå Vikedal grendeutval om endre dette vegnamnet til Granittvegen. Dette fordi det står i stil med Steinhoggarvegen og den historia som gjeld i dette området.

Innspel vert imøtekome. Veggen Sånnanålia vert endra til Granittvegen.

Lyåsvegen

Innspel frå Vikedal grendeutval om å endre Lyåsvegen til Synebergvegen. Dei meiner Syneberg er meir korrekt geografisk.

Innspel vert i møtekomme. Lyåsvegen vert endra til Synebergvegen.

Sønnanåneset

DUK gjorde i sitt møte 08.04.13 vedtak om å endre vegnamnet Sønnanåneset til Søndanåneset. Stadnamntenesta rår til at vegnamnet vert skriven Sønnanåneset etter gjeldane rettskrivingsprinsipp.

Vegnamnet Sønnanåneset står ved lag.

Hogganvikvegen

Det er kome 1 innspel på å endre namn på denne veggen til "Vossavegen". Grunngevinga er at det var ein vossing som var i teneste på Hogganvik Gard som fekk i oppdrag å byggje bilveg frå hovudvegen og fram til gardstunet.

Det er tidlegare i saka vist til kjende "begrep" i kommunen. Hogganvik er og eit av desse og det er ynskjeleg å ivareta namnet, ved å la denne adresseparsellen bere namnet Hogganvikvegen. Viser og til punkt 7 i prinsipp for adressenamn.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Lindevikvegen

Det er kome inn 1 innspel på denne veggen der ein meiner rett namn er Lindvikvegen.

Stadnamnregisteret viser til Lindvik.

Innspel vert imøtekome. Lindevikvegen vert endra til Lindvikvegen.

Juvevikvegen

Det er kome inn 1 innspel på denne veggen der ein meiner at det lett kan bli misforståing om ein brukar Juvevikvegen på denne adresseparsellen. Veggen ned til Juvevik ved Skipavåg, rett før grensa til Suldal, har alltid vore kalla Juvevikvegen og det vil bli uheldig å bruke dette namnet ein annan stad i Imsland.

I samråd med oppsitjarar i Kvaløyområdet har ein kome fram til at vegnamnet Kvaløyvågen kan vera eit godt alternativ. Prosjektgruppa finn det då rett å dele denne adresseparsellen, slik at veggen frå campingplassen og fram til hyttene ute på neset, blir eigen adresseparsell og får namnet Løyningsneset.

Juvevikvegen vert endra til Kvaløyvågen og Løyningsneset

Vågasagvegen

Det er kome 1 innspel på denne veggen der ynskje er å kalle veggen Nybruvegen eller Vågafossvegen. Det vert peika på at det er lenge sia det var sag her og at namnet ikkje er i bruk lenger. Veggen har i den siste tida vore kalla Nybruvegen.

Stadnamntenesta rår til at Vågasagvegen kan vike for Vågafossvegen, medan Nybruvegen er relatert til familienamn.

Tilrådinga frå Stadnamntenesta om Vågafossvegen vert imøtekomen og Vågasagvegen vert endra til Vågafossvegen.

Krakkalia

Det er kome 1 innspel på veggen der det er ynskje om at veggen vert kalla Krakkavegen. Fleire som bur langs denne veggen, meiner det passar veggen best

Innspel vert imøtekome og Krakkalia vert endra til Krakkavegen.

Austreimsbygda

Stadnamntenesta meiner det er uheldig å bare bruke Austreimsbygda som namn på denne vegen. Dei rår til at vegparsellen får namnet Nedre Austreimsvegen.

Innspel frå Stadnamntenesta vert imøtekome. Austreimsbygda vert endra til Nedre Austreimsvegen.

Valåsvegen

Det er kome 1 innspel om å endre namnet på denne vegen til Plassavegen.

Plassavegen er føreslegen i Vikebygd og ser det uheldig å ha like namn på vegar i same kommune, jf punkt 1, prinsipp for adressenamn. Pr. telefon er det kome innspel frå bebuarar langs vegen om at dei ynskjer det føreslegne vegnamnet Valåsvegen.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Torvmyrvegen og Myrullvegen

De er kome innspel frå Skjold bygdelag om å endre namn på desse to vegane. Ein ynskjer å bruke vekstar i vegetasjonen som er der, og samla vegnamn på det viset. Forslag frå dei er Brakavegen og Klokkelyngvegen.

I området ved Vikaneset var det ei stor myr som vart nytta til torvproduksjon i lange periodar. Torvmyrvegen og Myrullvegen har difor eit historisk preg over seg.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Liavegen

Det er kome 1 innspel på denne vegen der ein ikkje er samd med framlagt forslag. Dette fordi namnet på staden er Li eller Lie og bør få namnet Livegen eller Lievegen.

Ein har tidlegare lytta til Stadnamntenesta sin uttalt, jf gjeldane rettskrivingsprinsipp, at det kan vere tilrådeleg å nytta Liavegen som namneform viss vegen enda på meir enn ein sentral stad på Li. I samtale med Stadnamntenesta etter høyringsfristen, har ein fått medhald i å kalle vegen Livegen.

Liavegen vert endra til Livegen.

Fjellheimsvegen

Det er kome innspel frå Skjold bygdelag om at Fjellheim vert skrive med –d. I

Stadnamnregisteret ligg primærnamnet inne med skrivemåte Fjellheim.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Slåttehaug

Det er kome innspel frå Skjold bygdelag om at det opphavleg heiter Strand i dette området. Strand er kjend begrep i Sandeid og ein har sitt det som uheldig å ha like namn som kan føre til forveksling.

I samtale med hytteeigarar langs denne adresseparsellen vert det opplyst at Slåttehaug følast framand og ynskje deira er at vegen får namnet Strandvik. Stadnamntenesta finn Strandvik tilrådeleg, men rår til etterleddet "vegen".

Slåttehaug vert endra til Strandvikvegen.

Gjerdevikvegen

Det er kome 1 innspel på denne vegen som viser til utale og skrivemåte enten Jerevikvegen eller Gjerevikvegen.

Stadnamntenesta viser til gjeldane rettskrivingsprinsipp.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Hamravegen

Det er kome 3 innspel på denne vegen. 2 innspel viser til skrivemåte, Hamravegen med –e.

Eit innspel frå bebuarar ynskjer å høyre til Dreganesvegen, slik at Hamravegen fell vekk.

Innspel frå bebuarane vert i møtekomme. Hamravegen går ut.

Hellevadvegen

Det er kome 1 innspel på denne veggen som går på skrivemåte. Bør skrivast Hedlevavegen i samsvar med utale/dialekt. Stadnamntenesta viser til gjeldane rettskrivingsprinsipp og rår til at namnet vert skreve Hellevadvegen.

Innspel vert ikkje imøtekome.

Heggavegen

Det er kome inn 1 innspel på denne veggen som går på skrivemåte. Bør skrivast Heggavegen i samsvar med det ein seier/dialekt. Stadnamntenesta viser til Stadnamregisteret og gjeldane rettskrivingsprinsipp og rår til namnet vert skreve Heggavegen.

Stadnamntenesta si tilråding vert i møtekomen. Heggavegen vert endra til Heggavegen.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Utval drift, utvikling og kultur vedtek vegnamna på kommunale og private vegar slik:

Strekning Isvik – Vikebygd – Bjoa – Ølensvåg

Isvikvegen	Isvikfeltet
Hagebyvegen	Hovudvegen inn i Isvik Hageby feltet
Håkullvegen	Isvik Hageby II
Steinhausvegen	””””
Nadalsvegen	Isvik Hageby I
Lenmannsvegen	Isvik Hageby III og IIII
Risangervegen	Frå Vikevegen
Malasetvegen	Frå Vikevegen
Øyna	Frå Haraldseidvågen og ut på øyna
Søljevegen	Trovågfeltet
Klovaberget	””””
Trovågvegen	Frå Vikevegen og ned til Trovåg kai
Krekavegen	Frå Vikevegen
Bjordalsvegen	Frå Vikevegen
Svensbøvegen	Frå Vikevegen
Ulvebneset	Frå Vikevegen
Skjeljavikvegen	Frå Vikevegen hyttefelt
Kolthaugvegen	Frå Vikevegen
Leirhammarvegen	Frå Vikevegen
Dommersnesvegen	Frå Vikevegen hyttefelt (Ålfjorden brygge)
Plassavegen	Frå Vikevegen v/ kyrkja langs sjøen til Naustvikvegen
Sjurahagen	Bustadfelt i Vikebygd
Naustvikvegen	Frå Vikevegen og heilt ut til enden av veggen
Alnavegen	Frå Vikevegen og til topps av veggen
Kvamsvegen	Frå Vikevegen og ned mot sjøen
Årvikvegen	Frå Vikevegen og området rundt Årvik
Gangstøvegen	Frå Vikevegen og området rundt Gangstø
Sandviknesvegen	Frå Vikevegen til enden av veggen + Gardavika
Åsbøvegen	Frå Vikevegen, Utbjoa
Toadalsvegen	Frå Vikevegen, Utbjoa til og med hyttefelt
Bautavegen	Frå Vikevegen, Utbjoa
Saltnesvegen	Frå Bjoavegen til Utbjoa tømmerkai
Hjartakervegen	Bustadfelt, Bjoa
Grønevikvegen	Frå Bjoavegen ned til sjøen og området rundt Grønevika
Buavegen	Frå Bjoavegen til butikken og området rundt
Nygårdsvegen	Frå Bjoavegen, tar av ved Gardkroken og til endes av veggen
Eikåsvegen	Frå Bjoavegen opp til parkeringsplass v/ Arquebus - Vikestølen
Steinslandsvegen	Frå Eikåsvegen
Dalsbrukvegen	Frå Eikåsvegen v/ Ishuset
Apalvikvegen	Frå Bjoavegen
Molovegen	Frå Apalvikvegen til båthamna

Apalviklia	Bustadfelt, Apalvikfeltet
Hetlandsvegen	Frå Bjoavegen
Grunnavågvegen	Hyttefelt Bjoa
Sveinavikvegen	Hyttefelt Bjoa
Liasandvegen	Hyttefelt, Haugsgjerdet
Haugsvegen	Frå Bjoavegen ned til kai, Haugsgjerdet
Kjellasvikvegen	Frå Bjoavegen
Stavanesvegen	Frå Bjoavegen
Nathaugvegen	Frå Bjoavegen fastbuande og Vakasundet hyttefelt
Vakavegen	Frå bjoavegen, bustadfelt Vaka
Nautaskjersvegen	Frå Bjoavegen ned til sjøen
Lundanesvegen	Frå Bjoavegen området rundt Lundeneset vgs
Kråkedalsvegen	Frå Bjoavegen området Dalen gartneri (boligriggar og planlagt bustadfelt)
Jektevikvegen	Frå Bjoavegen området Westcon
Bergsvegen	Frå Bjoavegen
Bergshagen	Bustadfelt, Ølensvåg
Ørlandsvegen	Frå Bjoavegen
Duelandsvegen	Frå Bjoavegen mot Kolbeinslia
Vågssvingen	Frå Bjoavegen v/ Vågen gamle skule
Kvassanesvegen	Frå E 134 v/ Omega og ut igjen på E 134

Strekninga Ølen – Sandeid

Heiabøvegen	Frå Sandeidvegen
Løkjelsmyrvegen	Frå Heiabøvegen (Nerheim industrifelt)
Øklandsvegen	Frå Sandeidvegen
Stoplevegen	Frå Sandeidvegen
Forehaugvegen	Frå Sandeidvegen
Skeievegen	Frå Sandeidvegen, bustadfelt
Fjellstølsvegen	Frå Helgelandsvegen til Fjellstøl skisenter
Balahaugen	Frå Helgelandsvegen, bustadfelt v/ kyrkja i Sandeid

Strekninga Sandeid – Nedre Vats

Vestbøvegen	Frå fv 46
Årakvegen	Frå fv 46
Skigelstrandvegen	Frå fv 46
Ilsvågkaien	Frå fv 46
Koltveitvegen	Frå fv 46

Strekninga Sandeid sentrum mot Vikedal

Østbøreina	Frå fv 46 opp ved Haugesund sparebank til endes av vegen
Sandeidsjøen	frå fv 46 v/ Shell bensinstasjon og området rundt kaien
Bakken	frå fv 46 bustadfelt + sandtaket
Lysenutvegen	””””
Honningberget	Bustadfelt, (Østbøfeltet)
Stølsvegen	””””
Strandsvegen	Frå fv 46
Kvitareina	Frå fv 46 ned mot sjøen
Grautåna	Frå fv 46 ned mot sjøen
Solstrandvegen	Frå fv 46 ned mot sjøen

Strekninga Knapphus - Nedre Vats - Raunes

Kårhusvegen	Kårhus bustadfelt
Tinghaugvegen	Frå fv 46 til Eidevegen (gamal nedlagt bygdaveg)
Eidevegen	Frå fv 46 over Eide til Åmsvegen
Sørbøvegen	Bustadfelt Sørbø
Åmsvegen	Frå Raunesvegen og ut på Stokkastrandvegen (gamlevegen)
Stokkadalsvegen	Frå Stokkastrandvegen fram til vegen sluttar øvst i dalen

Eikanesvegen Frå Åmsvegen langs sjøen mot Raunes
Stråtveitvegen Frå Raunesvegen til Stråtveit gard

Strekninga Knapphus mot Ølensvåg

Velletunvegen Bustadfelt, Veldetun
Eikesdalsvegen Frå E 134 til enden av veggen
Aurdalsvegen Frå E 134 v/ drivhusa og til enden av veggen
Favnabøvegen Frå E 134 Bustadfelt
Frønsdalsvegen Frå E 134 til enden av veggen.

Strekninga Vikedal – grense til Suldal

Solbakken frå Saudavegen, lite bustadfelt
Oppsalsvegen frå Saudavegen til Opsal
Holmen frå Saudavegen til båthamna og camping
Kyrkjehølsvegen frå Saudavegen, området v/ Vikedal idrettshall
Urabø frå Movegen til endes i Urabø
Kyrkjevegen frå Movegen, bustadfelt Vikedal
Kristtornvegen bustadfelt Vikedal
Eikebakken ""
Granittvegen ""
Steinhoggarvegen ""
Synebergvegen ""
Bjørkelunden frå Saudavegen til kyrkjevegen, bustafelt
Sønnanåneset frå Saudavegen ned til kaien
Hogganvikvegen frå Saudavegen, området Hogganvik
Sigleskarvegn frå Saudavegen, bustadfelt Imsland
Ilstveitvegen frå Ølmedalsvegen (enden av vatnet)
Imslandssjøen frå Saudavegen ned til kaien
Lindvikvegen frå Imslandssjøen, hyttefelt
Ørevikvegen frå Imslandssjøen ut til Saudavegen (historisk veg)
Kvaløyvegen frå Saudavegen ned til kaien
Kvaløyvågen frå Kvaløyvegen til campingplassen
Løyningsneset frå Kvaløy camping og vidare til hyttefelt
Storøyvegen frå Kvaløyvågen
Liabøvegen frå Saudavegen
Vågafossvegen frå Saudavegen heilt ned til sjøen
Hustoftvegen frå Saudavegen
Rønnevikvegen frå Saudavegen ned til sjøen
Skipavågvegen frå Saudavegen til Skipavåg kai

Strekninga Knapphus – Hodnafjell

Krakkavegen frå E 134
Rossabøvegen frå E 134
Tveitvegen frå E 134
Nedre Austreimsvegen frå E 134
Smesvikvegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Valåsvegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Kyrkjevikvegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Prestagardsvegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Skjoldalivegen frå Prestagardsvegen, bustadfelt
Bisparhaugvegen Skjoldalifeltet
Vikanesvegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag), hovudvegen til/inni bustadfeltet
Røsslyngvegen bustadfeltet Vikanes
Myrullvegen ""
Torvmyrvegen ""
Kleivavegen frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)

Skjoldavikvegen	gamlevegen gjennom Skjold fram til planlagt kryss ut på E 134
Kroavegen	frå E 134 ned til sjøen
Håvikvegen	frå Dalavikvegen til endes av veggen til og med hyttegrend
Haganesvegen	frå Håvikvegen, hytteområde
Tosvollvegen	frå Håvikvegen, hytteområde
Urhaugvegen	frå Håvikvegen, planlagt hyttefelt
Lyngdalen	frå Håvikvegen, hytteområde
Fjellheimsvegen	frå Liavegen
Livegen	frå E 134 ned til sjøen
Erslandsvegen	frå Liavegen
Svinakleivvegen	frå E 134
Breivikvegen	frå E 134 ned til sjøen
Fosternesvegen	frå Breivikvegen, hyttefelt
Strandvikvegen	frå E 134 v/ Hodnafjellet ned til sjøen

Strekninga Solheim – mot Skjoldastraumen

Otertongvegen	frå Solheimsvegen til parkeringsplass og hytteområde
Longalandsvegen	frå Otertongvegen, hyttefelt

Strekninga Ølensvåg – grense til Etne

Vågslia	frå E 134 (Ølensvåg)
Vågshagen	frå E 134, hovudveg bustadfeltet Vågshagen
Snørshaugen	bustadfelt Vågshagen
Salsteinstien	””
Fuglarhaug	””
Gjerdevikvegen	frå E 134
Møllevegen	frå E 134, framtidig vegløyving
Nerheimsvegen	frå E 134 pr. i dag
Kyrkjehumpen	frå E 134, bustadfelt
Mulagata	frå E 134, Ølen sentrum
Sjoargata	””
Rådhusplassen	frå E 134, området Rådhus/omsorgssenter
Eiabakken	frå E 134 til Eide gard
Litlehagen	bustadfelt, Ølen sentrum
Gartnerihagen	””
Haugane	””
Osen	frå Dreganesvegen, bustadområde
Rostrandvegen	Bustadfelt
Roatoppen	””
Epleskogen	””
Øvrehagen	frå E 134 til endes i bustadfeltet Vågshagen
Kvassteinsvegen	bustadfelt Vågshagen
Målhauvegen	””
Hellevadvegen	frå Øvrehagen, gamlevegen til Etne
Heggjavegen	frå Øvrehagen nedover mot Osen (bom)
Steinbruvegen	frå Øvrehagen til endes i bustadfeltet Dørheim
Dørheimsvegen	bustadfelt
Hiksdalsvegen	frå E 134
Olalivegen	frå E 134

2. Vegnamna

- **Leirhammarvegen,**
- **Kvaløyvågen**
- **Bjørkelunden**
- **Ilsvågkaien**
- **Velletunvegen**

- Heggjavegen
- Nedre Austreimsvegen
- Vågafossvegen
- Synebergvegen
- Granittvegen
- Nadalsvegen
- Dalsbrukvegen
- Haugsvegen
- Strandvikvegen
- Løyningsneset

vert sendt ut på høyring før endeleg vedtak.

3. Dersom det ikkje kjem merknadar på dei nye vegnamna i punkt 2, gjeld vedtaket av namneforslaga slik det ligg føre i punkt 1.

26.08.2013 UTVAL FOR DRIFT, UTVIKLING OG KULTUR

Tove Elise Frøland foreslo for Krf:
Lundanesvegen blir omgjort og vert Lundenesvegen.

Leiar Kjartan Innbjo foreslo for BBL:
Østbøreina vert endra til Østbøvegen.

Frøland røysta for Krf sitt forslag, **6 røysta mot.**

Leiar Innbjo sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med leiar Innbjo sitt endringsforslag vart så samrøystes vedtatt.

DUK-041/13 VEDTAK:

1. Utval drift, utvikling og kultur vedtek vegnamna på kommunale og private vegar slik:

Strekning Isvik – Vikebygd – Bjoa – Ølensvåg

Isvikvegen	Isvikfeltet
Hagebyvegen	Hovudvegen inn i Isvik Hageby feltet
Håkullvegen	Isvik Hageby II
Steinhaugvegen	""""
Nadalsvegen	Isvik Hageby I
Lensmannsvegen	Isvik Hageby III og IIII
Risangervegen	Frå Vikevegen
Malasetvegen	Frå Vikevegen
Øyna	Frå Haraldseidvågen og ut på øyna
Søljevegen	Trovågfeltet
Klovaberget	""""
Trovågvegen	Frå Vikevegen og ned til Trovåg kai
Krekavegen	Frå Vikevegen
Bjordalsvegen	Frå Vikevegen
Svensbøvegen	Frå Vikevegen
Ulvebneset	Frå Vikevegen
Skjeljavikvegen	Frå Vikevegen hyttefelt
Kolthaugvegen	Frå Vikevegen
Leirhammarvegen	Frå Vikevegen
Dommersnesvegen	Frå Vikevegen hyttefelt (Ålfjorden brygge)
Plassavegen	Frå Vikevegen v/ kyrkja langs sjøen til Naustvikvegen

Sjurahagen	Bustadfelt i Vikebygd
Naustvikvegen	Frå Vikevegen og heilt ut til enden av veggen
Alnavegen	Frå Vikevegen og til topps av veggen
Kvamsvegen	Frå Vikevegen og ned mot sjøen
Årvikvegen	Frå Vikevegen og området rundt Årvik
Gangstøvegen	Frå Vikevegen og området rundt Gangstø
Sandviknesvegen	Frå Vikevegen til enden av veggen + Gardavika
Åsbøvegen	Frå Vikevegen, Utbjoa
Toadalsvegen	Frå Vikevegen, Utbjoa til og med hyttefelt
Bautavegen	Frå Vikevegen, Utbjoa
Saltnesvegen	Frå Bjoavegen til Utbjoa tømmerkai
Hjartakervegen	Bustadfelt, Bjoa
Grønevikvegen	Frå Bjoavegen ned til sjøen og området rundt Grønevika
Buavegen	Frå Bjoavegen til butikken og området rundt
Nygårdsvegen	Frå Bjoavegen, tar av ved Gardkroken og til endes av veggen
Eikåsvegen	Frå Bjoavegen opp til parkeringsplass v/ Arquebus - Vikestølen
Steinslandsvegen	Frå Eikåsvegen
Dalsbrukvegen	Frå Eikåsvegen v/ Ishuset
Apalvikvegen	Frå Bjoavegen
Molovegen	Frå Apalvikvegen til båthamna
Apalviklia	Bustadfelt, Apalvikfeltet
Hetlandsvegen	Frå Bjoavegen
Grunnavågvegen	Hyttefelt Bjoa
Sveinavikvegen	Hyttefelt Bjoa
Liasandvegen	Hyttefelt, Haugsgjerdet
Haugsvegen	Frå Bjoavegen ned til kai, Haugsgjerdet
Kjellasvikvegen	Frå Bjoavegen
Stavanesvegen	Frå Bjoavegen
Nathaugvegen	Frå Bjoavegen fastbuande og Vakasundet hyttefelt
Vakavegen	Frå bjoavegen, bustadfelt Vaka
Nautaskjersvegen	Frå Bjoavegen ned til sjøen
Lundanesvegen	Frå Bjoavegen området rundt Lundeneset vgs
Kråkedalsvegen	Frå Bjoavegen området Dalen gartneri (boligriggar og planlagt bustadfelt)
Jektevikvegen	Frå Bjoavegen området Westcon
Bergsvegen	Frå Bjoavegen
Bergshagen	Bustadfelt, Ølensvåg
Ørlandsvegen	Frå Bjoavegen
Duelandsvegen	Frå Bjoavegen mot Kolbeinslia
Vågssvingen	Frå Bjoavegen v/ Vågen gamle skule
Kvassanesvegen	Frå E 134 v/ Omega og ut igjen på E 134

Strekninga Ølen – Sandeid

Heiabøvegen	Frå Sandeidvegen
Løkjelsmyrvegen	Frå Heiabøvegen (Nerheim industrifelt)
Øklandsvegen	Frå Sandeidvegen
Stoplevegen	Frå Sandeidvegen
Forehaugvegen	Frå Sandeidvegen
Skeievegen	Frå Sandeidvegen, bustadfelt
Fjellstølsvegen	Frå Helgelandsvegen til Fjellstøl skisenter
Balahaugen	Frå Helgelandsvegen, bustadfelt v/ kyrkja i Sandeid

Strekninga Sandeid – Nedre Vats

Vestbøvegen	Frå fv 46
Årakvegen	Frå fv 46
Skigelstrandvegen	Frå fv 46
Ilsvågkaien	Frå fv 46

Koltveitvegen Frå fv 46

Strekninga Sandeid sentrum mot Vikedal

Østbøvegen Frå fv 46 opp ved Haugesund sparebank til endes av vegen
Sandeidsjøen frå fv 46 v/ Shell bensinstasjon og området rundt kaien
Bakken frå fv 46 bustadfelt + sandtaket
Lysenutvegen """"
Honningberget Bustadfelt, (Østbøfeltet)
Stølsvegen """"
Strandsvegen Frå fv 46
Kvitareina Frå fv 46 ned mot sjøen
Grautåna Frå fv 46 ned mot sjøen
Solstrandvegen Frå fv 46 ned mot sjøen

Strekninga Knapphus - Nedre Vats - Raunes

Kårhusvegen Kårhus bustadfelt
Tinghaugvegen Frå fv 46 til Eidevegen (gamal nedlagt bygdaveg)
Eidevegen Frå fv 46 over Eide til Åmsvegen
Sørbøvegen Bustadfelt Sørbø
Åmsvegen Frå Raunesvegen og ut på Stokkastrandvegen (gamlevegen)
Stokkadalsvegen Frå Stokkastrandvegen fram til vegen sluttar øvst i dalen
Eikanesvegen Frå Åmsvegen langs sjøen mot Raunes
Stråtveitvegen Frå Raunesvegen til Stråtveit gard

Strekninga Knapphus mot Ølensvåg

Velletunvegen Bustadfelt, Veldetun
Eikesdalsvegen Frå E 134 til enden av vegen
Aurdalsvegen Frå E 134 v/ drivhusa og til enden av vegen
Favnabøvegen Frå E 134 Bustadfelt
Frønsdalsvegen Frå E 134 til enden av vegen.

Strekninga Vikedal – grense til Suldal

Solbakken frå Saudavegen, lite bustadfelt
Oppsalsvegen frå Saudavegen til Opsal
Holmen frå Saudavegen til båthamna og camping
Kyrkjehølsvegen frå Saudavegen, området v/ Vikedal idrettshall
Urabø frå Movegen til endes i Urabø
Kyrkjevegen frå Movegen, bustadfelt Vikedal
Kristtornvegen bustadfelt Vikedal
Eikebakken ""
Granittvegen ""
Steinhoggarvegen ""
Synebergvegen ""
Bjørkelunden frå Saudavegen til kyrkjevegen, bustafelt
Sønnanåneset frå Saudavegen ned til kaien
Hogganvikvegen frå Saudavegen, området Hogganvik
Sigleskarvegn frå Saudavegen, bustadfelt Imsland
Iltstveitvegen frå Ølmedalsvegen (enden av vatnet)
Imslandssjøen frå Saudavegen ned til kaien
Lindvikvegen frå Imslandssjøen, hyttefelt
Ørevikvegen frå Imslandssjøen ut til Saudavegen (historisk veg)
Kvaløyvegen frå Saudavegen ned til kaien
Kvaløyvågen frå Kvaløyvegen til campingplassen
Løyningsneset frå Kvaløy camping og vidare til hyttefelt
Storøyvegen frå Kvaløyvågen
Liabøvegen frå Saudavegen
Vågafossvegen frå Saudavegen heilt ned til sjøen

Hustoftvegen	frå Saudavegen
Rønnevikvegen	frå Saudavegen ned til sjøen
Skipavågvegen	frå Saudavegen til Skipavåg kai

Strekninga Knapphus – Hodnafjell

Krakkavegen	frå E 134
Rossabøvegen	frå E 134
Tveitvegen	frå E 134
Nedre Austreimsvegen	frå E 134
Smesvikvegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Valåsvegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Kyrkjevikvegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Prestagardsvegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Skjoldalivegen	frå Prestagardsvegen, bustadfelt
Bisparhaugvegen	Skjoldalifeltet
Vikanesvegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag), hovudvegen til/inni bustadfeltet
Røsslyngvegen	bustadfeltet Vikanes
Myrullvegen	””
Torvmyrvegen	””
Kleivavegen	frå Skjoldavikvegen (E 134 i dag)
Skjoldavikvegen	gamlevegen gjennom Skjold fram til planlagt kryss ut på E 134
Kroavegen	frå E 134 ned til sjøen
Håvikvegen	frå Dalavikvegen til endes av veggen til og med hyttegrend
Haganesvegen	frå Håvikvegen, hytteområde
Tosvollvegen	frå Håvikvegen, hytteområde
Urhaugvegen	frå Håvikvegen, planlagt hyttefelt
Lyngdalen	frå Håvikvegen, hytteområde
Fjellheimsvegen	frå Liavegen
Livegen	frå E 134 ned til sjøen
Erslandsvegen	frå Liavegen
Svinakleivvegen	frå E 134
Breivikvegen	frå E 134 ned til sjøen
Fosternesvegen	frå Breivikvegen, hyttefelt
Strandvikvegen	frå E 134 v/ Hodnafjellet ned til sjøen

Strekninga Solheim – mot Skjoldastraumen

Otertongvegen	frå Solheimsvegen til parkeringsplass og hytteområde
Longalandsvegen	frå Otertongvegen, hyttefelt

Strekninga Ølensvåg – grense til Etne

Vågslia	frå E 134 (Ølensvåg)
Vågshagen	frå E 134, hovudveg bustadfeltet Vågshagen
Snørshaugen	bustadfelt Vågshagen
Salsteinstien	””
Fuglarhaug	””
Gjerdevikvegen	frå E 134
Møllevegen	frå E 134, framtidig vegløyising
Nerheimsvegen	frå E 134 pr. i dag
Kyrkjehumpen	frå E 134, bustadfelt
Mulagata	frå E 134, Ølen sentrum
Sjoargata	””
Rådhusplassen	frå E 134, området Rådhus/omsorgssenter
Eiabakken	frå E 134 til Eide gard
Litlehagen	bustadfelt, Ølen sentrum
Gartnerihagen	””

Haugane	””
Osen	frå Dreganesvegen, bustadområde
Roastrandvegen	Bustadfelt
Roatoppen	””
Epleskogen	””
Øvrehagen	frå E 134 til endes i bustadfeltet Vågshagen
Kvassteinsvegen	bustadfelt Vågshagen
Målhauvegen	””
Hellevadvegen	frå Øvrehagen, gamlevegen til Etne
Heggjavegen	frå Øvrehagen nedover mot Osen (bom)
Steinbruvegen	frå Øvrehagen til endes i bustadfeltet Dørheim
Dørheimsvegen	bustadfelt
Hiksdalsvegen	frå E 134
Olalivegen	frå E 134

2. Vegnamna

- Leirhammarvegen,
- Kvaløyvågen
- Bjørkelunden
- Ilsvågkaien
- Velletunvegen
- Heggjavegen
- Nedre Austreimsvegen
- Vågafossvegen
- Synebergvegen
- Granittvegen
- Nadalsvegen
- Dalsbrukvegen
- Haugsvegen
- Strandvikvegen
- Løyningsneset
- Østbøvegen

vert sendt ut på høyring før endeleg vedtak.

3. Dersom det ikkje kjem merknadar på dei nye vegnamna i punkt 2, gjeld vedtaket av namneforslaga slik det ligg føre i punkt 1.